



OM NYTT LEGAT TIL BESTE FOR ELDRE OG UFØRE I VOSS - OMDANNING AV ELDRE LEGAT FRAMLEGG TIL VEDTEKTER

V E D T E K T E R

for ”Legat til beste for eldre og uføre i Voss kommune,

1.

Legatet er skipa ved omdanning og samanslåing av fylgjande legat:

- 1) Voss sjukehus sitt fond til beste for sjuke på Voss, skipa 25.08.1977
- 2) Voss Sykepleierforenings fond, skipa 09.02.1959
- 3) Ole Skjervens Minnefond, skipa 12.8.1947
- 4) Simon Lillevigs legat, skipa 29.10.1930. med endring 20.01.1982
- 5) Sjur Brunborgs Minnefond, skipa ved bankbok oppretta 19.01.1963
- 6) Gjertrud Repåls Stiftelse, skipa 3.08.1990
- 7) Johannes L. Skjervheim sitt fond, skipa 06.11.1991
- 8) Stiftinga Kristina Nesheim sitt legat, skipa 23.10.1990
- 9) Drifts og vedlikehaldsfondet ved Vangen aldersheim, skipa i 1991 ved samanslåing av Steffen White legat og Nils Groves legat

2.

Styret for legatet skal vera Hovudutval for levekår, likevel slik at kravet til kjønnsfordeling vert oppfylt, jfr. § 27 i Stiftelseslova. Kommunestyre vel styret som føl valperioden.

3.

Føremålet med legatet er å fremja trivselstiltak for eldre og uføre i Voss kommune både heimebuande og bebuarar på institusjon. Omgrepet trivselstiltak skal kunne tolkast så breitt som mogleg; avkastinga skal kunne nyttast til festelege samkomer, turar og andre aktivitetar, kulturtiltak; både samlingar og innkjøp av kunst, møblar og utstyr til fellesareal o.l.

4.

Grunnkapitalen i legata nemnd i pkt. 1 ein skal danna grunnkapitalen i ”Legat for eldre og uføre i Voss. Grunnkapitalen pr. 31.12.05 er kr 2.480.000,-. Evt. inneståande utover dette pr. 31.12.06 skal kunne nyttast i samsvar med føremålet i pkt. 3.

5.

Styret skal forvalta stiftinga sin kapital på forsvarleg måte, slik at den til ei kvar tid har ei sikker plassering med moglegheit for tilfredsstillande avkasting til ivaretaking av føremålet til stiftinga, jfr. Stiftelseslova § 18.

6.

Av den årlege avkastinga til stiftinga skal utgifter til administrasjon dekkast. Dernest skal det setjast av 20% av avkastinga til auke av grunnkapitalen. Resterande avkasting kan nyttast til legatet sitt føremål, jfr. pkt. 3.


7.

Styret gjer vedtak om utdeling av midlar frå stiftinga i samsvar med føremålet. Utdeling skjer etter utlysing kvart år i desember månad. Søkjarar kan vera alle som arbeider for eldre og utføre, d.v.s. institusjonar, heimebaserte tenester, frivillige organisasjonar o.a.. Styret gjer vedtak i samsvar med reglane i stiftelseslova §§ 31,32 og 33.

8.

Eventuell endring av vedtektene skal gjerast i samsvar med reglande i Stiftelseslova kap. 6. Vedtak om å søkja om endring av vedtektene må gjerast med 2/3 fleirtal.

Voss 10. mai 2007



Bjørn Christensen
ordførar

